

## Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordfører gav slikt svar:

I 2019 har det i Hordaland fylkeskommune vore gjennomført ein forvaltningsrevisjon «Vurdering av ordning for finansiering av spesialundervisning i friskular». Kontrollutvalet vedtok 25. november handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjonen. Første punkt i handlingsplanen gjeld ny finansieringsmodell for spesialundervisning i friskular i Vestland fylke.

I forvaltningsrevisjonen vart det peika på at likebehandling mellom offentlege skular og friskular er det berande elementet. Arbeidet med ny finansieringsmodell for spesialundervisning er difor planlagt inn i arbeidet med ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane. Ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane skal etter planen handsamast i fylkestinget i juni 2020.

Representanten Tor André Ljosland spør også om fylkesordføraren vil vurdere å nemne opp saksordfører for arbeidet med finansieringsmodell for spesialundervisning. Ettersom arbeidet med finansieringsmodell for spesialundervisning er ein del av arbeidet med ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane, meiner fylkesordføraren at ein eventuelt må ta stilling til om det skal nemnast opp saksordfører når meldinga om ny budsjettmodell (RS 3/19) vert handsama i dette fylkestinget. I kva saker det skal nemnast opp saksordfører, går fram av «Retningslinjer for saksordførerordninga», punkt 2.